



DEN NORSKE KYRKJA
Skodje sokneråd

Møtebok Skodje sokneråd.

Utval: Skodje sokneråd
Møtedato: 09.02.2023
Møtetid: kl. 19:00
Møtestad: Skodje rådhus

Desse møtte: Tove Solheim Kristensen, Kristine Oksavik Sve, Elisabeth Bjørdal Leine, Ole Karsten Honningdalsnes, Inger Kristin Ask Jan Løkkeborg, Anne Lovise L. Løvås

Meldt forfall: Nora Hesseberg, Arnstein Sæthre

7 røysteføre

Godkjenning av innkalling og referat. Innkalling og referat godtkjent, med merknad om dato på innkalling, som var feil.

Vedtakssaker:

Sak 11/23: Orienteringssaker 09-02.23

Sak 12/23: Kyrkjebasar 11.mars

Sak 13/23: Givarteneste

Sak 14/23: Kyrkjeval 2023

Saksnr	Sak	Møtedato
11/23	Orienteringssaker 26. jan. 2023	<<MøteDato>>

Saksframstilling

1. Søknad frå KFUK/KFUM Møre og Romsdal om offerttildeling. Søknad kom etter fristen og etter at vedtak om tildeling for 2023.
2. Konsert i kyrkja 27. april. Arr: Pensjonsistlaget. Aktør: Skodje kyrkjekor og musikarar frå Sykkylven som spelar og syng gospelsjanger. Bruk av kyrkja er ok.
3. Framdrift Kyrkje-brakkene. Informasjon frå driftsleiar om at tilkobling av straum samt tilkobling av vatn og kloakk er bestilt. Kommunen krev oppmerking av parkeiringsplassane før brakkene kan godkjennast for bruk.
4. Oppfølging av prosesjonskors. Au har hatt drøftingar med kunstnaren om å få til ei anna løysing for staven (i eik), for å redusere kostnadane. Ei svært gledelig melding er at Vadset Tre vil donere ein rundstokk i eik.
5. Fasteaksjon 28. februar. Frå soknerådet stiller Arnstein, Karin Margrete. I tillegg blir friviljuge spurd om å hjelpe til. Materiell er bestilt inn.
6. Soknemøte 19. mars, etter kveldsgudsteneste. Kveldsmat. Annonser i Bygdebladet og på digitale plattformer.
7. Informasjon frå stab. Staben har tatt opp behov for rydding i kyrkja, særleg i sakristiet. Soknerådet vil initiere ein rydde-dugnad og spør praktisk komitè om å ta ansvar for dette.
8. Informasjon frå råd og utval.
9. Nytt frå fellelsrådsrepresentanten.

Forslag til vedtak.

Soknerådet tek orienteringssakene til vitande.

Saksnr	Sak	Møtedato
12/23	Kyrkjebasar	<<MøteDato>>

Saksframstilling:

Brev til bedrifter i Skodje med spørsmål om støtte til basaren er sendt ut. Ei bedrift har svart hittil. Basarbøker er ordna. Loddosal kan gjerast på ulike måter, også via facebook, samt sal «på dørene». Kristine vil ta på seg å handle inn tombolagevinster på vegne av soknerådsmedlemar. (Vipps 250 kr til Kristine den som ønsker dette).

Det er nye reglar om smålotteri i 2023, dette betyr at lotteri med inntekt under 200.000,- ikkje har krav om søknad til lotteritilsynet. <https://lottstift.no/for-aktorer/pengespel-med-omsetning-under-200-000-kroner/>

Komitèar:

Kafè:

Elisabeth
Tove

Lodd:

Kristine
Arnstein
Ole Karsten
Jostein

Program:

Anne Lovise
Jan
Inger Kristin

Program:

Ole Andreas Høyberg vil delta med song og andakt. Han ber om honorar for oppdraget. AU har stilt seg positiv til honorar på 3000 kr. Det blir ikkje leigd inn hoppeslott i år, noko vi hadde tilsvarende utgift for, i fjor. Kor Herrleg vil også stille med songkrefter.

Opplegg for barna: Spørje om å låne lykkehjul frå skulekorpset. Det arbeides vidare med opplegg/aktivitet for barna.

Vedtak:

Det vart brukt tid i møtet til planlegging av basaren. Tove kontakter Coop Xtra om sponning av ingredienser til bacalao, samt spørsmål om sal av lodd ved butikken. Tove sjekker også med mannsgruppa vedr. Sponning av klippfisk. Kristine set opp vaktplan/arbeidsliste for sal av tobola, åresal og hovudtrekning. Leiar sender førespurnad til Storfjord Hotell om gevinst til hovudlotteriet. Frivilluge blir oppmoda om å bidra med tillaging fredag kveld og rydding etter basaren laurdag.

Saksnr	Sak	Møtedato
13/23	Givarteneste	<<MøteDato>

Saksframstilling:

Det er pr. januar (2023) 14 faste givarar i kyrkjelyden. Pr. månad gir dette ca. 7000 kr i inntekt til kyrkjelyden, forutsett gjennomsnittleg sum på 500 kr pr givar. Inntekt i 2022 var totalt 77.800 kr,

Eit reknestykke:

Om ein husstand på to vaksne gir 1000 kr pr månad er dette inntekt tilsvarende 12.000 kr pr år. Om 6 par/familiar melder seg til dette, vil det tilsvare beløpet vi samlar inn på ein basar. Målet i 2023 må difor vere å verve 15 nye faste givarar til Skodje kyrkelyd.

Soknerådet lager nye brosjyrer/giroar som blir delt ut på soknemøtet 19. mars. Der vil det bli gitt orientering til medlemmane om korleis gi, og oppmoding om å gi.

Det bør også vere høve til å vere støttemedlem, t.d som ein friviljug årskontigent/årsmedlemskap under soknemøtet. I tillegg vil Jan lage ein artikkel på heimesida om givarteneste som blir lagt ut i fastetida.

Vedtak:

Soknerådet har som målsetting å rekruttere 15 nye faste givarar i løpet av året. Første tiltak for å rekruttere blir på soknemøtet 19. mars. I tillegg vil soknepresten legge ut ei sak på heimesida om givarteneste med oppmoding om å gi.

Saksnr	Sak	Møtedato
14/23	Kyrkjeval 2023	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Frist for innsending av kandidatliste er 31.03.23 kl 12:00.

Stemmesetlar:

Stemmesetlar vert trykt av servicekontoret.

Annonsering/informasjon:

På nettsida [Kirkevalget 2023 - Ressursbanken, Den norske kirke \(kirken.no\)](https://kirkevalget2023-ressursbanken.no) finn de informasjon om kva materiell som er tilgjengeleg.

Avdelingsleiar Hans Roar vil kontakte stabane ang utlegging av informasjon på nettsider og FB. Vi vil også legge ut info på hovudsida til [Kirkene i Ålesund \(kyrkja.alesund.no\)](https://kirkenei.alesund.no)
Servicekontoret vil også sørge for felles annonsering i avisene.

Førehandsval:

Førehandsval (10. aug. – 8. sept.) blir halde på servicekontoret i Langelandsveien. Når det gjeld Sandøy og Haram håper vi at vi kan bruke same stad som ved sist val; innbyggertorga på Steinshamn og i Brattvåg.

Andrea kontakter kommunen om dette.

Nytt ved årets val er **digital førehandsstemming** (10. aug – 6. sept.) Pålogging skjer ved Bank-ID eller tilsvarende.

Bør vi legge til rette for førehandsval i Ådalen Allè? Kva med Skodje kyrkjekontor i perioda 10.aug. til 6. september?

Vallokaler:

Kyrkjevevja kontakter kommunen ang lokaler. Kyrkjevalet skal vere i umiddelbar nærleik til val til fylkesting og kommunestyre. Vallokale skal vere klart og lagt inn i valmodulen til 1. juni.

Valdagen:

Alle tilsette skal være på jobb valdagen og inngå i vaktplan for avvikling av valet. Sokneråd og stab set opp vaktplan i samarbeid.

Sokneråd og stab må også samarbeide om rigging av lokalet søndag 10. sept. Her vil vi kome tilbake med kontaktinfo for tilgang til dei enkelte lokala.

Valutstyr/ressursar:

Kvart sokneråd må ha ei opptelling på kva ein har av valutstyr som valavlukke, stemmeurner o.a. Dersom det er behov for supplering av utstyr må dette meldast til servicekontoret slik at vi får lagt inn ei samla bestilling.

Frist vil bli gitt.

Nominasjonskomitèen hadde første møte 26. januar. Soknerådet kan foreslå kandidater til nominasjonskomitèen.

Vedtak:

Soknerådet vil tilrettelegge for førehandsstemming i soknet, dvs. etter ei gudsteneste i perioda for førehandstemming, samt ved institusjonane (sjukeheimen og Ådalen). Det vil også bli lagt til rette for to dagar førehandsstemming ved kyrkjekontoret. Dato vil bli annonsert på heimesidene.